Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 80 — Fylke: Sör-Tröndelag.

Tilleggsspørsmålnr. — Herad:

Emne: Folkemedisin — — Bygdelag. Gauldal.

Oppskr. av: Sveinn Smalaas. — Gard:

(adresse): Soknedal. — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Heimelsmann; Iver Björset. Noko av meg sjölv og.

SVAR

Sp. 1 Ja, eg torest seia at eg med godt samvit kan svara ja, på dette spörsmalet. Det er synbart - der eg er kjent - at folk er meir nervöst innstilt no enn först i mitt minne, eg kjenner mange - serleg kvinner - som beintfram innbiller seg at dei har ein eller annan sjukdom - og på denne måten disponerer det nervesenter dei tenkjer på nett for den sjukdomen dei trur å ha fått. Eg kjenner og sume som har prövt både doktor-råder og heimeråder utan at det hjelpte, - som rimeleg kan vera, for slike typor da.

2 Dei togg kamfer, einerbær og 1) skarsöte for å vara seg mot smitte.

3 Eg har nok hört noko om at dei hadde liggjande ymse slag urter dei koka log av, men kva slag urter dette var har det ikkje lukkast å få nokon greie på. Men dei brukte sårsalve som dei fekk kjöpt på apotek; mot infektsjonssjukdomar brukte dei helst kamferbrennevin, likeins mot frostskade, mot hoste brukte dei både hostedropar (frå apotek) og treak kokt i mjölk, men helst i flögt. Mot eksem og brannsår brukte dei svovelblomane blanda med egg.

1) Skarsöte er söttrot, men ho er alt anna enn söt, ho er - beisk.

15890

# Folkemedisin.

4 Helst på større gardar ja, men dei har nok følgt med noko på mindre stader og.

5 Eg kan ikkje seie det for visst, men eg høir at dei mykje gort fekk lånt medisin når det var om å gjera. Ialfall fekk dei det i min barndomsgrend (i Botdal)

6 Om bruken av kvae og tjørrå har eg svara på før, men eg kan likevel nemne her at dei, for å vara seg mot smitte, kasta ein stein i ei kokande tjørrugryte – og attåt hadde dei ei spiseskje med terpentin i gryta, (som dei hadde ståande inne i stova.) At dette verka trur eg ikkje på. Likeeins tok dei inn tjørruvatn mot forkjølelse, og det hjelpte nok. Eg har sjølv prøvt det så vidt.

7 „Treak" veit eg ikkje av at dei laga kvar åt seg, men eg veit at det var nokså vanleg å kjøpa „treak" i butikane. Dei kokte den i fløytemjølk og tok dette inn med eit skjeblad (1 spiseskje) ein 2–3 ganger om dag mot forkjølelse.

8 „Dyvelsdrekk" (lat. "assa foetidae") kjøpte dei på apotek. „Dyvelsdrekk" brukte dei helst å ha i skoene sine for at hoggormen skulle halda seg frå dei. Men eg har kjent ein – som no er død – som hadde „dyvelsdrekk" i meitemark-~~øskja~~ øsja når han skulle fiska.
Eg kan helse og seia at dette middel får liv i meitemarken. Eg har sjølv prøvd det.

9 Dette sp. har eg ikkje nok kunskap om til å svara på.

10 Eg trur – utifrå den miljøinnstilling folk har hatt – at eg kan tippa at slike ting vart gøymde i skåp og kister. Det som det var turvande å embalasere hadde dei nok helst i flasker og blærer.

11 Eg har ovanfor gje svar som gjeld dette sp. —

12 Har svara på dette på emnelister eg har fått før.

13 Det var ganske visst muntlege overleveringer.

14 Eg veit ikkje anna å svara her enn at eg veit folk las seg til mykje i almakken.

15 Eg veit igrunnen ikkje meire å seie her.

15890

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

# II. Bygdelækjarar

## A. Lækjarane.

16 og 17. Desse spörsmåla kan eg ikkje gje noko avgjort svar på.
18 Ja, det kunne nok hende det var innflyttarar og ja.
19 Veit ikkje.
20 Dei lærde vel först og framst frå seg til sine eigne. (?)
21 Det er no fjerde generasjon i Garbergetta i Orkdal som har hatt sergivnad som "lå-doktarar". Dei har allsaman alt i barneåra hatt ei uvanleg fin kjensle i fingertuppane og kunne kjenna heilt visst den minste forskyvning av kvar ei sen og sege. Og interessante har dei vore.
22 Det er rimeleg å tru at dei som hadde röynt sjukelege hadde större tildriv til å studere sjukdomane enn andre. Eg har såleis gong og annan höyrt gamle folk ha fortald kvarandre om dei hjelperåder dei hadde nytta.
23 Det var heller få som hadde lækjararbeidet som yrkje.
24 Dette veit eg ingenting å svara på, men personleg trur eg at dei fekk ei påskjönning utan at dei gjorde krav på noko. Det höver ikkje med den mentale innstilling åt folket her på traktom at dei kravde noko for slikt. Slikt vart mykje godt kalla for „gudsvil"-arbeid.
25 Noko större samarbeid med lækjarane var det knapt nok. Kanskje kunne det vera nokon i slumpetöve.
26 Her treng eg berre å nemne namnet Lisbet Nypan.
27 Lisbet Nypan ja.
28 Her gjeld same sv. som ovanfor.

## B. Lækjeråd og lækjekurar.

29 Veit ikkje noko utanom det eg har sagt om dette ovanfor.
30 Helst det ja.
31 Veit igrunnen ikkje noko visst.
32 Jau.
33 Veit ikkje.
34 Det var vel helst munnlege overleveringar.
35 Eg har höyrt at dei brukte uttrykket „helsebotvatn", Det er det einaste eg kan seie om dette.
36 Det eg kan svara er gje i ovanståande sp.
37 Kamferbrennevin,

15890

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

38 Kjersti Nyberg har eg nemnd før, men her skal eg nemne „Dr." Johan Bakken, Budal. Det er far til utskiftningsformann Johan Baken og farfar til dr. kirurg Johan Bakken på Rikshospitalet i Oslo. Prøv å få kontakt med han. Eg kan berre nemne at denne såkalla dr. Johan Bakken – som visstnok var 100% autodidakt – kunne lese latin så det rabla etter han. Denne Bakken var truleg fødd litt før 1830. Jørgen Botnan på Innset – f. ikring 1830 – var bygdeveterinær, og vitterleg og ein bra slik. Ein dei populært kalla Laudin (truleg var han frå Laud) verka her i Soknedal ikring 1840. Han skulle vera god til å kurera folkesjukdomar. Jens Wognild i Soknedal, f. ikring 1840–50 var og ein kjent bygdedoktar, Steinar Skjervdum – kvar han no var ifrå – skulle vera ein bra led-doktar.

39 Bygdedoktarane laga knivar og tenger sjølve.

40 Gjår ut.

41 Dei laga billar for årelating og kopping.

42 Ja, bestefar min Svend Math. Inalen f. 1820 dreiv med dette.

43 Sjå sv. på sp. 41

44 Dei brukte å kjøpe blodiglar på apoteket så seint som ikring 1860

45 Eg har høyrt at dei dreiv med blodstemming og ja, inntil 1860-åra.

46 Garberg og Steinar Skjervdum, ja.

47 Veit igrunnen ikkje. Men helst i skåp og kister, kan eg tenkje.

48 Veit ikkje så visst. Det var vel helst berre ei veske.

49 a. Lækjebøker.

50
51 Desse spursmåla har diverre ikkje nokon
52 opplysningar om.
53

15890

I Singsås – posttilskrift Kotsøy – er det ein spell levande 100-åring. Han dreiv hardt med onnearbeid på hundreårsdagen sin (i sommar). Kontakt han gjenom Per Foros, Bjørgen po.
Namnet på hundreåringen er: Per Øverli, Kotsøy po.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING